

# GISKE UNGDOMSSKULE



## Til elevar og føresette!

***Vi ønskjer alle velkomne til skuleåret 2021 – 2022!***

Vi er opptekne av å utvikle gode miljø; sosiale og faglege der elevane får lære å meistre liva sine. Dette skal uttrykkjast gjennom skulen sin visjon og plattformen han står på:

### **Visjon:**

*Giske ungdomsskule skal arbeide fram ny visjon.*

### **Plattform:**

*Giske ungdomsskule skal arbeide fram ny plattform basert på visjon.*

Vi legg vekt på at elevane skal føle seg trygge, finne seg til rette og ha det bra på skulen.

Gjennom arbeidet legg vi til rette for at elevane skal lære og utvikle seg, og vi har forventingar om god arbeidsinnsats og god framferd frå den enkelte.

Det er viktig at foreldre er aktive på heimebane, støttar opp om skulen og forventar god innsats og god framferd. Skulen har utvikla skriftlege forventingar til foreldra. Desse finn de inne i heftet.

Skulen har ein tiltaksplan mot mobbing og krenkande åtferd, der signering av kontrakt om ikkje å mobbe er ein viktig del. Dersom mobbing oppstår, må skulen lage ein aktivitetsplan. Det er viktig at føresette og elev tek ein samtale heime om mobbing, og kva ein forventar av sin eigen ungdom.

Vi ser fram til eit godt samarbeid med heimane der vi jobbar saman for å lage ein best mogleg skule.

**Vi ønskjer elevar og foreldre lukke til med skuleåret!**

*Nina Rabben*  
rektor

*Sindre Tomren*  
avd.leiar

*Reidunn Otterdal*  
avd.leiar

*Erlend G. Holm*  
avd.leiar

# Praktiske opplysningar

## Organisering av elevane - kontaktlærarar

Giske ungdomsskule har ved skulestart 367 elevar, fordelt på 14 klasser.

Klasse	Elevtal	Kontaktlærarar
8a	30	Odd Kåre Naalsund Eilin G. Rasmussen
8b	26	Jens Didrik Giskeødegård Anna Kristine Fiskarstrand
8c	28	Britt-Aina Kleivan Roald Sunniva Eline Hoddevik
8d	26	Arild Idar Årseth Miriam Mulelid
9a	20	Amund Hjelle
9b	26	Trude M. Nordstrand Maria Therese Alnes Vågen
9c	27	Jan Ove Lange Norunn Røsvik
9d	27	Kristian Melsæter Natalie Synnes
9e	25	Svein-Harald Nordgård Randi Birgitte Kleivan
9f	24	Evy Godø Sandanger Amalie Årseth
10a	29	Arild Nedregotten Eva Anita Stubmo
10b	29	Cathrin Valderhaug Maria Hauge Blindheim
10c	29	Simon Åkre Sølvi Susann Bringsli
10d	21	Katrine Briksdal

## Organisering av skuledagen

Dagen er i år organisert i fem bolkar på 60 min, utanom torsdag med fire bolkar (tre bolkar på 60 min og ein på 45 min).

Ringetid	Time
08.10 - 09.10	1. bolk, 60 minutt
09.10 - 09.20	10 minutt friminutt
09.20 - 10.20	2. bolk, 60 minutt
10.20-10.50	30 minutt friminutt (matfri)
10.50 - 11.50	3. bolk, 60 minutt
11.50 - 11.55	5 minutt friminutt
11.55 - 12.55	4. bolk, 60 minutt (45 min).
12.55 – 13.05	10 minutt friminutt
13.05 – 14.05	5. bolk, 60 minutt

Torsdag: Skuleslutt kl. 12.55.

Bussane går frå skulen ca. 14.10

## Fag- og timebyteplan 2021-2022

Denne oversikta syner kor mange timar eleven har i det enkelte faget gjennom året. Årstimetalet er oppgitt i timar à 60 minutt. Det er årstimetalet som er det forpliktande talet for oss når vi organiserer opplæringa. Det betyr at det kan vere periodar i året då ein har mange veketimar i eit fag, mens ein i andre periodar har tilsvarande få timar.

Fag	8. kl.	9. kl.	10. kl.
Kristendom, religion, livssyn og etikk	57	39	57
Norsk	142	129	127
Matematikk	111	92	110
Samfunnsfag	83	83	83
Kunst og handverk	55	36	55
Naturfag	83	77	89
Engelsk	74	74	74
Musikk	27	19	37
Mat og helse		83	
Kroppsøving	74	75	74
Framandspråk Språkleg fordjuping/Tilvals-fag	74	74	74
Utdanningsval	37	36	37
Valfag	57	76	76
<b>Brutto årstimar</b>	<b>874</b>	<b>874</b>	<b>874</b>

### KRLE (kristendom, religion, livssyn og etikk)

Dette faget fekk nytt namn i aug 2015.

Det kan ikkje krevjast fritak for faget.

Rett til fritak frå aktivitetar:

*Elevar kan likevel etter skriftleg melding frå foreldre få fritak for dei delane av undervisninga som dei ut frå eigen religion eller livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støyande eller krenkande. Elevar som har fylt 15 kan sjølv gi melding om fritak.*

---

## Kantine

Til vanleg sel vi ulike mjølkeprodukt; sjokolade- og jordbærmjølkk, ulike typar yoghurt, milkshake, juice, iste og nudlar. Det er mogleg å toaste om ein vil det. I Street`n er det montert ein vassautomat med kjøling.

## Bringing og henting av elevar

Av omsyn til tryggheiken til elevane, ber vi om at de ikkje køyrer inn på sjølve skuleplassen på sørsida når de bringer og hentar elevar. Busshaldeplassen er den mest veileigna plassen når ein skal setje av elevar.

## Låsing av sykklar og mopedar

Dessverre skjer det at elevar tek ulåste sykklar. Ein sykkel må difor låsast. Alle som har med sykkel, skal no parkere han på nedsida av skulen. Mopedar skal stå på tilvist stad aust for skulen. Dette er på eige ansvar.

## Reglar om bruk av el-sparkesykkel

Den som bruker sykkel, eller el-sparkesykkel blir rekna som køyrande. Det er difor viktig at elevar som sykklar eller bruker el-sparkesykkel kan og forstår trafikkreglane. Ein treng god kompetanse og erfaring før ein el-sparkesykkel kan takast i bruk i trafikken. Her er nokre råd frå skulen (henta frå Trygg Trafikk).

- Elevane er 12 år før dei får bruke el-sparkesykkel til skulen.
- Bruk hjelm.
- Eleven treng opplæring i trafikkreglane. Skulen har sin eigen trafikkopplæringsplan, men føresette må sikre seg at elevar som bruker el-sparkesykkel kjenner til reglane før dei tek dei i bruk i trafikken.
- Elevene bør få innsikt i kva konsekvensar det kan få å bruke ein el-sparkesykkel (skade på andre osv.)
- El-sparkesykkel parkerast på tilvist stad og må låsast på eleven sitt eige ansvar.
- Elevane kan ikkje lade sykkelen i skuletida.
- Forbikøyring av andre som sykklar, og går, på skulevegen skal skje i låg fart.

Det er dei føresette sitt ansvar å sørgje for at barna kjem seg trygt til skulen. Alle skulebarn er forsikra gjennom skulen sitt forsikringssystem, men ver klar over at uaktsom bruk, eller manglande sikkerheitsutstyr, kan få konsekvens for forsikringa.

## Erstatningsplikt

Vi forventar at elevane tek vare på bøker og utstyr dei får utlevert, og elles oppfører seg slik at dei ikkje øydelegg noko. Dersom nokon øydelegg bøker, utstyr eller inventar med vilje eller gjennom uforsiktig framferd, må ein rekne med å erstatte det.

## Karakterar

På ungdomsskulen er det karakterar i alle fag bortsett frå elevrådsarbeid og utdanningsval. Karakterskalaen er frå 1 til 6 med 6 som beste karakter. Alle avgangskarakterar tel ved inntak til vidaregåande skule. Dette gjeld også mat og helse i 9.klasse og valfag som vert avslutta undervegs i ungdomsskulen.

Elevane får også karakter i orden og åtfærd; God – nokså god – lite god.

Elevane får utlevert halvårsvurdering med karakter i januar og juni. Alle fagkarakterar skal setjast med utgangspunkt i måla for faget, utan omsyn til elevane sine føresetnader. Det er klagerett berre på standpunkt- og eksamenskarakterar.

Dersom elevar med IOP har store avvik frå læreplanen, kan foreldra etter drøfting med skulen avgjere at eleven ikkje skal vurderast med karakter i eit eller fleire fag.

## Leksehjelp

Leksehjelpa er kutta ut for skuleåret 2021-2022

## Mobilhotell

Alle klasser har «mobilhotell.» Her skal mobilane plasserast i skuletida dersom dei har telefonen med på skulen.

## Heim – skule samarbeid

Kontaktlærarane er tilgjengelege på meldingssystemet Transpondar, på e-post og på telefon. Ikkje nøl med å ta kontakt

Utviklingssamtalane vert gjennomført i oktober og februar.

FAU, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet vert konstituert i løpet av september.

## Skulen sine forventingar til heimen

Foreldra si involvering i skulearbeidet er viktig. Heimen bør ha forventingar til elevane sin arbeidsinnsats. Skulen har arbeidd fram skriftlege forventingar til foreldra.

### Skulen har ei forventing om at heimen:

- Bidreg til positive haldningar til skulen og læring.
- Set seg inn i arbeidsplanen og aktivt følgjer opp eleven sitt skulearbeid.
- Set seg inn i skulen sitt reglement og bidreg til at eleven er lojal mot dette.
- Gjennomfører ein samtale om mobbing før eleven skriv under kontrakt for ein mobbefri skule.
- Gjennomfører ein samtale kring reglar og avtale for lån av iPad og bruken før ein skriv under kontrakta.
- Sørgjer for at eleven kjem presis til skulen og har med seg nødvendig utstyr for å delta i undervisninga.
- Sørgjer for at eleven har god døgnrytme og eit sunt kosthald.
- Melder frå til skulen om tilhøve som er viktige for eleven sin skulekvardag; fråvær, mobbing, sjukdom, hendingar og endringar heime.
- Gir melding ved fråvær og deltek på foreldremøte i klassen og utviklingssamtalar for den enkelte elev.

## SATSINGSOMRÅDE:

Hovudfokus i år blir å skape ein felles ungdomsskule der alle; både ungdomen og dei vaksne, har det godt. Elles vil vi jobbe vidare med nye læreplanar der djupnelæring og livsmeistring er nøkkelord.

- **Skape ein trygg, god og felles ungdomsskule.**
- **Innføring av nye læreplanar.**
- **Praksissamarbeid med høgskulen i Volda.**

Til grunn for all læring og utvikling ligg at:

- alle må kunne føle seg trygge og respekterte
- alle har behov for å lukkast
- vi lærer i ulikt tempo og på ulike måtar
- alle er flinke til noko
- læring skjer gjennom samhandling med andre
- undervisninga har positiv vinkling og vi har høge forventningar.

Tidlegare utdanna vi oss til eit yrke som vi skulle ha resten av livet, og det vi lærte, måtte vi hugse. I dag startar mange på ei utdanning, men skifter gjerne undervegs og prøver seg i mange ulike typar yrke. Ein treng ikkje i like stor grad som tidlegare, å hugse all kunnskap. Det som i dag er viktig, er å vite kvar ein skal søke for å finne kunnskapen ein treng, bearbeide han og setje kunnskapen ut i livet. For å hjelpe elevane på denne kunnskapsvegen, vil vi bruke iPad som eit hovudverktøy i læringsarbeidet vårt.

Vi håper gjennom satsingane våre å auke læringsutbyttet til elevane. Vi trur dei kan oppnå enda betre resultat enn i dag, sjølv om resultatata både til eksamen og på nasjonale prøver allereie har høgt snitt. Vidare håper vi at dei elevane som ikkje opplever så stor meistring i skulen, gjennom meir praktisk- og variert undervisning, kan få auka motivasjon og utbytte. Vi ønskjer også å få redusert omfanget av spesialundervisning utanfor klasserommet gjennom ei meir tilrettelagt undervisning ved bruk av iPad, og ikkje minst meir praktisk og variert læring.

## Teamorganisering av lærarane

### 8. klasstrinn      Avd.leiar: Erlend Giskeødegård Holm

---

Det er 110 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i fire klassar. Oversikt over desse finn du på side 2.

### 9. klasstrinn      Avd.leiar/teamleiar: Reidunn Otterdal/Evy Godø Sandanger

---

Det er 149 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i seks klassar. Oversikt over kontaktlærarane finn du på side 2.

### 10. klasstrinn      Avd.leiar: Sindre Tomren

---

Det er 108 elevar på trinnet ved skulestart. Elevane er delt i fire klassar. Oversikt over kontaktlærarane finn du på side 2.

#### Andre tilsette:

Rektor: Nina Rødland Rabben

Rådgjevar: Leif Arne Hausken

Andre lærarar: Jan Erik Langerud, Eva Anita Koppang, Ann Cecilie Nordstrand, Sissel Bjørkevoll

Thomassen, Catherine Bradley Hessen (spes.ped), Geir Midtbø Longva (tolk), Sissel Skår Humberstet (tolk)

Miljøterapeutar: Therese Stokke, Kristine Valkvæ, Didrik Ulveadet Vestre.

Miljøarbeidar: Jonas Gardien

Vernepleiar: Sjael John Brøndeland

Fagarbeidar: Linda Skjeret Valderhaug

Assistent: Jonathan Mulelid,

Sekretær: Hanne Karin Nedregaard

MOT: Øyvind Blindheim og Kay Amund Vartdal

Reinhaldar: Catalina Pasztor

## Rådgjevingsteneste

(I tråd med opplæringslova § 9-2, og forskriftene § 22-1 og 22-2)

Målet med denne tenesta er todelt:

- Den sosialpedagogiske tenesta skal gi elevane råd i sosiale spørsmål
- Rådgjevingstenesta skal gi råd og informasjon om utdannings- og yrkesval.
- Vi har delt rådgjevingstenesta på to personar:

#### Rådgjevar

Leif Arne Hausken

#### Miljøterapeutar

Therese Stokke, Didrik U. Vestre og Kristine Valkvæ

Leif Arne er ansvarleg for utdannings- og yrkes-rådgjevinga. Dette inneber at han i samarbeid med lærarane legg opp til ei grundig orientering om desse emna. Leif Arne vil stå sentralt i arbeidet med å utvikle det nye faget Utdanningsval. Han vil arbeide særleg aktivt inn mot elevane i 10.klasse for å hjelpe dei i arbeidet med å orientere seg om vegen vidare i livet.

Therese, Didrik og Kristine er miljøterapeutar ved skulen. Arbeidstida til miljøterapeut vil i hovudsak vere: 08.00-1530.

Hovudoppgåva til miljøterapeutane er å hjelpe elevar som treng ekstra støtte og oppfølging når dei ikkje finn seg til rette. Grunnane til dette kan vere mange, både i og utanfor skulen.

**Vanlegvis går foreldre si kontakt med skulen gjennom kontaktlærar, men ein kan også ta direkte kontakt med rådgjevingstenesta dersom det er saker ein ønskjer å ta opp/melde frå om.**



# Kommunalt ordensreglement for skulane i Giske

---

Fastsett av Giske kommunestyre 30.04.2015 (lokalt ordensreglement for Giske ungdomsskule under arbeid).

## I. Innleiing

### § 1. Heimel

Ordensreglementet er fastsett med heimel i lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2–9.

### § 2. Formål

Skulane skal vere prega av samarbeid, trivsel, respekt og medansvar. Ordensreglementet er eit verkemiddel for å oppnå dette, og for å sikre at skulesamfunnet skal vere ein lærings- og arbeidsplass der alle kan trivast og får høve til å gjere ein god jobb.

### § 3. Virkeområde

Ordensreglementet gjeld elevane ved alle grunnskulane i Giske kommune og gjeld i skuletida, under alle skulen sine arrangement, på SFO, leksehjelp og på skulevegen.

Den enkelte skulen skal i tillegg lage utfyllande ordensreglar tilpassa skulen sitt behov. Elevar og føresette/foreldre skal være med i utarbeidinga og evalueringa av reglementa.

## II. Reglar for orden og åtferd

### § 4. Generell åtferd

Som elev har du både rettar og plikter.

#### 1. Du har krav på at:

- alle behandlar deg på en ordentleg måte
- andre viser deg respekt og lar dine eigedelar være i fred
- du skal vere fri for fysisk, psykisk og verbal mobbing og alle former for krenkande åtferd

#### 2. Du har plikt til å:

- vise omsyn og respekt for andre
- gjere ditt for å halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga
- møte presis til timar og avtalar
- hjelpe til å holde skulen sitt område reint og ryddig
- ta godt vare på alt som høyrer til skulen og SFO, både ute og inne og fare fint åt med skulebøker og anna undervisningsmateriell. Alle former for hærverk er forbodne.
- Banning, slåssing og forstyrring av andre sin leik er å vise manglande respekt og omsyn.

#### 3. Farlege gjenstandar

Det er ikkje lov å ha med seg eller bere kniv, våpen eller andre gjenstandar som kan skade ein sjølv eller andre.

#### 4. Rusmiddel

Det er forbode å vere rusa eller bruke, oppbevare, omsetje eller ha med tobakk/snus/skrå, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel

#### 5. Mobbing, sjikane og annan valdeleg åtferd

Vald eller truslar om vald skal ikkje akseptertast i skulen.

Mobbing er fysiske og/eller psykiske åtak som over tid vert retta mot ein eller fleire elevar og/eller tilsette.

Rasistiske utsegner og trakassering på grunnlag av kjønn, seksuell legning, etnisk og religiøs bakgrunn skal ikkje akseptertast i skulen.

#### 6. Fråvær

Elevane har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Ved fråvær på grunn av sjukdom skal skulen ha beskjed før undervisninga startar.

Føresette må informerast om det ansvaret dei har for eleven sitt frammøte til undervisning etter opplæringslova § 2-1. Ugyldig fråvær blir vektlagt når eleven skal vurderast i orden.

Når det er forsvarleg, kan skulen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil 2 veker (opplæringslova § 2-11). Rektor har delegert fullmakt til å avgjere slike søknader på vegne av kommunen.

#### 7. Mobiltelefonar

Mobiltelefonar skal leggst bort og vere slått av i skuletida. Den enkelte skulen kan vedta å tillate bruk av mobiltelefon i undervisningstida når dette skjer i skjer i undervisningsrelatert samanheng. Skulen avgjer om elevane i ungdomsskulen kan bruke mobiltelefonen i friminutta.

### III. Konsekvensar og refsingstiltak/sanksjonar

#### § 5. Om refsingstiltak og sanksjonar

Alle sanksjonane og refsingstiltaka skal vere slik at elevane kan forstå kva for reglar som er brotne og kvifor skulen reagerer på dette. Konsekvensen bør kome så tidleg som råd etter regelbrotet. Tiltaka skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglementet. Før refsingstiltaka vert sette i verk, har eleven rett til å få forklare seg til den som skal fatte vedtaket. Det er berre dei elevane som er skuldige i regelbrotet som kan straffast. Fysisk avstraffing kan ikkje nyttast, men fysisk arbeid for å ordne opp i det som er øydelagt f.eks. rydding, vasking og reparasjon er tillate.

#### § 6. Refsingstiltak ved brot på ordensreglementet

Brot på ordensreglementa kan medføre følgjande tiltak:

- Munnleg irettesetting
- Munnleg melding til foreldre/føresette
- Skriftleg melding til foreldre/føresette
- Beskjed om å møte utanom vanlig skuletid
- Pålegg om tiltak for å utbetre skadar
- Våpen og farlege gjenstandar skal beslagleggast av skulen. Rektor må vurdere om saka skal meldast til politiet.
- Rusmiddel og tobakk skal beslagleggast og kan utleverast til dei føresette dersom desse ber om det innan ei veke. Deretter skal beslaget destruerast. Ulovlege rusmiddel skal overleverast til politiet.
- Midlertidig eller permanent bytte av klasse/gruppe. Foreldre/føresette blir informerte.
- Straffbare forhold skal normalt meldast til politiet.
- Bortvising

Ved bruk av vald og/eller truslar, særleg provoserande åtfærd eller andre grove eller gjentekne brot på ordensreglementet, herunder også uro og forstyrning av undervisninga, grov språkbruk osb, kan elevar på 8.-10. klassetrinn visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar. Elevar på 1.-7. klassetrinn kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar og resten av dagen.

Leiinga ved skulen vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldre til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Foreldre/føresette til elevane skal varslast før bortvising blir sett i verk for resten av dagen på 1.-7. klassetrinn, jf. opplæringslova § 2-10.

Lærarar kan bortvise elevar frå eigen undervisning avgrensa til to klokketimar. Læraren kan berre avgjere å sende ein elev ut av undervisninga, ikkje heim. Skulen har som elles, ansvar for nødvendig tilsyn med eleven.

#### Flytting av elev til annan skule

I særlege tilfelle kan det vere aktuelt å flytte ein elev til ein annan skule, jf. opplæringslova § 8-1, tredje avsnitt. Rådmannen tek avgjerd i slike saker.

Karakter i orden og åtfærd

Ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar i dette ordensreglementet eller den enkelte skule sitt tilleggsgreglement, kan karakteren i orden og åtfærd bli sett ned. I tillegg kan karakteren setjast ned ved særleg grove brot på reglementet, sjølv om det er tale om ei enkelthending.

Juks

Ved juks eller forsøk på juks i samband med skulearbeid, kan rektor sjølv fastsetje at arbeidet blir annullert og/eller bruke andre reaksjonsmåtar i samsvar med dette ordens-reglementet § 5.

#### **IV. Saksbehandlingsreglar ved refsingstiltak.**

##### § 7. Generelt om saksbehandling

Saksbehandling ved brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova § 2-9 og saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, herunder kap. III – kap. VI ved enkeltvedtak.

Elevane skal alltid få høve til å forklare seg og, om det er mogleg, få høve til å gjere opp for seg. Førsette til elevar på 1. – 7. trinn skal varslast før det blir sett i verk bortvisning for resten av dagen. Sanksjonar kan bare gjevast til den eleven eller dei elevene som har gjort seg skuldig i regelbrot. Skade eller hærverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan føre med seg erstatningsansvar for eleven i samsvar med Lov om skadeserstatning § 1-1. Foreldre kan bli ansvarlege for barna sine handlingar etter Lov om skadeserstatning § 1-2. Uavhengig av eiga skuld kan foreldre bli erstatningsansvarlege med inntil kr. 5000,- for kvar skadevoldande handling. Skulen har ikkje erstatningsansvar for mobiltelefonar og anna elektronisk utstyr som elevane tar med til skulen. Det same gjeld kostbare klede, sykklar eller andre private eigendelar.

##### § 8. Kunngjering

Ordensreglementet, både det kommunale og skulen sitt eige reglement, skal gjerast kjent for elevar, foreldre/førsette og tilsette kvart år ved starten av eit nytt skuleår.

#### **Fråværsføring**

I 2009 bestemte departementet at fråvær for ungdomsskuletida skal førast på vitnemålet. Reglane er slik at foreldra kan be om frådrag for inntil 10 dagar pr. skuleår. Ein kan berre få frådrag for fråvær som strekker seg ut over tre dagar. Frå og med den fjerde dagen kan ein be om at fråværet ikkje vert tatt med. Dette gjeld berre fråvær der det er innvilga permisjon, eller der det ligg føre sjukmelding frå lege.

#### **Arbeid mot mobbing**

Skulen har ein tiltaksplan mot mobbing og krenkande åtfærd. Denne er lagt ut på skulen si heimeside. Planen er tredelt:

Førebygging, avdekking, tiltak. Det vart underteikna eit nytt mobbemanifest i september 2019 der elevar, foreldre og tilsette forpliktar seg til felles innsats mot mobbing.

I tillegg har vi mobbekontraktar, der kvar elev forpliktar seg til å bidra til ein mobbefri skule.

Ein del av dette tiltaket er at heimen og eleven har ein grundig samtale om mobbing før kontrakten vert underskriven. Det er viktig at heimen gjennomfører dette.

Dersom ein heime blir kjent med mobbesaker, må ein ta kontakt med skulen.

#### **Sanksjonsreglar for røyking, snøballkasting, forseintkoming og skulking.**

##### **Røyking**

Alle grunnskular er pålagde å ha reglar som har forbod mot røyking i skuletida. Brot på denne regelen vert straffa med brev heim og attsitjing når dette gjentek seg, og merknad.

##### **Snøballkasting**

Vi har eit rimeleg firkanta forbod mot snøballkasting på skuleplassen. Dette er for å

kunne ferdast trygt ute. Brot på denne regelen vert straffa med attsitjing og merknad.

##### **Forseintkoming**

Elevar som kjem for seint til skulen eller til timar utover dagen vert registrerte. Etter eit fast system vert det sendt melding



heim når dette vert eit problem. Elevane vert straffa med attsitjing når det gjentek seg og merknad.

### **Bekymring ved stort frávær eller skulking**

Når vi oppdagar at elevar skulkar, tek vi kontakt med foreldra.

Blir det gjentatt skulking, vil kontaktlærar kople inn skulen si sosialpedagogiske teneste og eventuelt helsesøster, PPT og/eller barnevern for å hjelpe eleven til å få ein slutt på det.

Dersom det ulovlege fráveret er svært omfattande, er vi pålagde å melde frå til kommunen om at eleven ikkje oppfyller skuleplikta si.

Gjeldande prosedyre for bekymringsfullt frávær ligg på heimesida til skulen.

## **Reglar for permisjon frå den pliktige opplæringa**

Vedtatt i HU-sak 03/03

Opplæringslova lyder slik:

§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa  
Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Grunnskuleopplæringa er ei plikt, jf opplæringslova § 2-1, og kommunen gir forskrifter om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i året. Foreldra må gjere det dei kan for å leggje feriar o.l. innanfor skuleferiane og avgrense spørsmål om fri for elevane til det absolutt nødvendige. Det er eit vilkår at føresette tar over ansvaret for opplæringa i permisjonstida.



### **Saksgang ved permisjonssøknader**

1. Foreldre/føresette skal sende skriftleg søknad om permisjon til avdelingsleiar/reaktor med

grunngeving, tidsrom permisjonen skal gjelde for, korleis opplæringa skal organiserast og kven som skal stå for opplæringa i permisjonstida. Søknad om permisjon for meir enn ei veke må sendast seinast 6 veker før avreise, på grunn av saksbehandlingstid og klagefrist, jf. forvaltningslova.

2. Kontaktlærar kan gi permisjon inntil to dagar og avd.leiar/reaktor kan gi permisjon inntil 2 veker. Det er ikkje høve til å gje permisjon utover 2 veker, jf § 2-11 i opplæringslova.
3. Føresetnaden for å innvilge permisjon er at det er forsvarleg å gi eleven fri frå opplæringa. Om permisjon er forsvarleg eller ikkje, må avgjerast ut frå omsynet til eleven si opplæring. Kravet om at kvar einskilt permisjon skal vere forsvarleg, vil kunne setje grenser om eleven kan få permisjon.
5. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute. Den opplæringa eleven mister i samband med permisjon, har eleven ikkje rett til å få erstatta.
6. Permisjonssøknader er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2.



### Gratisprinsippet

Gjennom vedtak i Stortinget 19. desember 2002 vart gratisprinsippet i grunnskulen innskjerpa. Opplæringslova § 2-15 har no følgjande ordlyd:

*"Elevane har rett til gratis grunnskuleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane dekkjer utgifter i samband med grunnskuleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skuletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskuleopplæringa."*

I rundskriv frå departementet går det klart fram at det ikkje kan krevjast betaling for aktivitetar innanfor skuletida. Det vert likevel sagt at skulane kan ta imot gåver eller andre bidrag.

Dersom foreldre vel å bidra til ei **klassekasse**, må dette vere på frivillig basis. Slike klassekasser må vere foreldrestyrte. Vi har sett at det er positivt for aktiviteten i klassen dersom ein vel å opprette ei slik klassekasse. Dette bør

drøftast på første foreldremøte i 8.klasse. Gjennom slike klassekasser kan ein til dømes ha midlar til mindre ekskursjonar.

Tidlegare år var det vanleg med lengre og ofte kostbare turar i 10.klasse. Ein streva med å halde seg innanfor gratisprinsippet. Etter handsaming i Giske kommunestyre 19.10.2010 gjeld følgjande:

*Ekskursjonar og skuleturar skal gjennomførast i samsvar med gratisprinsippet. Skulane utarbeider retningsliner for slike turar i samarbeid med FAU.*

Samarbeidsutvalet ved Valderøy ungdomsskule vedtok 30.10.2010 retningsliner for skuleturar. Desse vart revidert 16.04.2013. Det er sett ei grense på kr 4000 pr. elev. Utgifter til reiseleiarar kjem i tillegg. Reglane seier også at ein kan bruke maksimum tre skuledagar til ein slik tur. Fullstendige retningsliner finn ein på skulen si heimeside.

## Pedagogisk-psykologisk teneste-PPT og pedagogisk rettleiingsteneste

---

PPT er skuleverket sitt sakkunnige organ i høve til behov, omfang og innhald når det gjeld spesialundervisning.

I tillegg er pedagogisk-psykologisk teneste ei rådgjevingsteneste, der m.a. foreldre kan søkje råd i spørsmål som gjeld trivsel, tilpassing og opplæring for barna deira.

PP-tenesta samarbeider med foreldre, eleven og lærarar om å leggje tilhøva best mogleg til rette for eleven. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal saman med andre rettleiingstenester i skulen hjelpe elevar, foreldre og personale med å utvikle gode læringsvilkår for elevar som treng særleg hjelp.

### Arbeidsområde:

- Førebygging
- Praktisk rådgjeving
- Utgreiingar og sakkunnige vurderingar
- Hjelp til elevar

### Arbeidsoppgåver:

- Rådgjeving til fagpersonale
- Førebyggjande arbeid
- Undersøke/vurdere enkeltsaker
- Gi hjelp til enkeltelevar, så langt som mogleg eller ordne med undersøking/behandling hjå andre.
- Hjelpe skulen med kompetanseheving og organisasjonsutvikling.
- Systemretta arbeid t.d. klassemiljø.

PP-kontoret har lokale i 2.etg. i Rådhuset og avtalar kan gjerast ved kontakt på telefon 7018 8000

### Teamleiar ved PP-kontoret er Nina Nordmark

#### Pedagogisk rettleiingsteneste

Den pedagogiske rettleiingstenesta skal vere ei støtte for skulane si kompetanseutvikling og utviklingsarbeid generelt. Signe xxxx er pedagogisk rettleiar i kommunen.

#### Pedagogisk rettleiar arbeider med:

- Å formidle prosjekt som kan stimulere utviklingsarbeidet på skulane
- Kompetanseutvikling og kurs
- Leiarutvikling
- Vurderingsrutinene i kommunen
- Systemarbeid saman med PPT
- Kontakten mot Fylkesmannen og samarbeidspartnarar

#### Arbeidsmåtar:

Den pedagogiske rettleiingstenesta arbeider i forhold til

- Skuleleiinga
  - Personale
  - Lærarteam
- men ikkje i forhold til den einskilde eleven.

Saman vil denne eininga (PPT og pedagogisk rettleiingsteneste) formidle impulsar og utfordringar til skulane, slik at skuleverket i Giske kommune til ei kvar tid har ein best mogleg kvalitet i opplæringstilbodet.

## Giske ungdomskule. Plan for helsearbeidet på skulen 2021/2022

Skulehelsetenesta i Giske kommune er lagt opp etter føreskrift av 11/11/2019 om kommunen si helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste.

Helsesjukepleiar har ansvaret for skulehelsetenesta og kommuneoverlegen er medisinsk fagleg rådgivar. Målet for tenesta er å fremme helse og utvikling i oppvekståra. Den skal i samarbeid med heim ,skule og hjelpeapparatet ,arbeide for å identifisere og løyse dei helseproblem som spesielt knyt seg til skuleeleven sin situasjon. Skulehelsetenesta skal arbeide for at elevane går ut av skulen med ei så god helse som mogleg og med ei åtferd som påverkar helse , livsstil og livskvalitet i ei positiv retning.

Anita Skinnest og Sonja Urkedal har ansvaret for skulehelsetenesta på Giske ungdomskule.

Dei kan treffast på telefon S- 90082636 og A-90867754 ( 08 -15)

Dei blir å treffe på skulen måndag, torsdag og fredager 08.30 -15.00

Foreldre, elevar og lærarar kan ta kontakt.

8. klasse	Individuelt	Helsesamtale og vekstmåling	Helsesjukepleiar
9. klasse	Gruppe	Undervisning 2t x 3 psykisk helse i skulen	Helsesjukepleiar
10 klasse	Gruppe/individuelt	Undervisning SOS og prevensjon, Vaksinasjon .	Helsesjukepleiar

Alle klasser	Individuelt/ grupper	Oppfølging av enkeltelever. Ansvarsgruppe Trefftid på skulen Tilbod om BAPP, PIS og Mestringsgruppe til elever. Tilbod om foreldrerettleingsgrupper som Cos P og ICDP til foreldre.	Helsesjukepleiar
--------------	----------------------	--	------------------

Andre aktuelle tema kan undervisast i ved ynskje frå lærar, elevar og foreldre.

Valderøy 30/6/2021, Johanne Røsvik Synnes (leiande helsesjukepleiar).



### Skulerute for Giske ungdomsskule skuleåret 2021-2022

Månad	Merknad: Skulen har lagt inn utvida undervisningstid kvar veke. Dette vert kompensert med avspasering for elevane og ekstra planleggingsdagar for lærarane.
August	• Skulestart for elevane måndag 23.
September	•
Oktober	• Haustferie veke 41: måndag 11. – fredag 15. • Fridag for elevane fredag 1. Planleggingsdag for lærarane.
November	• Fridag elevane torsdag 4. Planleggingsdag lærarane.
Desember	• Fridag for elevane tysdag 7. Planleggingsdag for lærarane. • Siste skuledag tysdag 21.
Januar	• Første skuledag for elevane tysdag 4. • Studiedag for lærarane måndag 3. • Fridag for elevane måndag 10. Planleggingsdag lærarane.
Februar	• Fridag for elevane torsdag 11. Planleggingsdag for lærarane. • Vinterferie veke 8: måndag 21. – fredag 25
Mars	• Fridag for elevane onsdag 2. Planleggingsdag for lærarane.
April	• Påskeferie veke 15: måndag 11- måndag 18. • Første skuledag etter påske: tysdag 19.
Mai	• Fridag for elevane fredag 27. Planleggingsdag lærarane.
Juni	• Siste skuledag torsdag 23.

## Kontakt skulen:

	Telefon	Privat	e-post
<b>Sentralbord:</b>	7018 8870	41702308	
<b>Rektor:</b>	7018 8872	47371121	<a href="mailto:nina.rodland.rabben@giske.kommune.no">nina.rodland.rabben@giske.kommune.no</a>
<b>Avd.leiar</b>	8.trinn	99017217	<a href="mailto:erlend.giskodegard.holm@giske.kommune.no">erlend.giskodegard.holm@giske.kommune.no</a>
<b>Avd.leiar</b>	9. trinn	92255401	<a href="mailto:reidunn.bjorg.otterdal@giske.kommune.no">reidunn.bjorg.otterdal@giske.kommune.no</a>
<b>Avd.leiar</b>	10. trinn	92041154	<a href="mailto:sindre.havard.tomren@giske.kommune.no">sindre.havard.tomren@giske.kommune.no</a>
<b>Rådgjevar:</b>		48890815	<a href="mailto:leif.arne.hausken@giske.kommune.no">leif.arne.hausken@giske.kommune.no</a>
<b>Miljøterapeut</b>		41418899	<a href="mailto:therese.stokke@giske.kommune.no">therese.stokke@giske.kommune.no</a>
<b>Miljøterapeut</b>		90541513	<a href="mailto:kristine.valkvae@giske.kommune.no">kristine.valkvae@giske.kommune.no</a>
<b>Miljøterapeut</b>		95285446	<a href="mailto:didrik.ulvevadet.vestre@giske.kommune.no">didrik.ulvevadet.vestre@giske.kommune.no</a>
<b>Vernepleiar</b>		41394879	<a href="mailto:siael.john.braendeland@giske.kommune.no">siael.john.braendeland@giske.kommune.no</a>

**Skulen si heimeside:** <https://www.giske.kommune.no/giske-ungdomsskule/>

